



Hurra for deg som fyller ditt år.

Tonane til Margrethe Munthe sin velkjende bursdagssang *Hurra for deg som fyller ditt år* tona ut over Omvikdalen då ein overaska 70-årsjubilant, Per Myklebust, kom ut i døra fredag føremiddag. Det var venene i Uskedal musikklag som heidra kornettisten sin på denne måten.

Per Myklebust gjorde som kjent comeback i musikklaget for nokre år sidan etter 35 års pause. Etter dette har han vore svært stødig og møtt opp på tirsdagsøvingane til liks med resten av musikklagsgjengen. Såleis er han absolutt eit eksempel til etterfølgjing for andre som har hatt pause frå musikken!

Fredag fylte kornettisten 70 år, og då overraska resten av korpset han med ein liten konsert ute på tunet. Jubilanten og andre føremiddagsgjester var tilhøyrarar. Etter eit par nummer henta også Per fram kornetten. Etter musikkstunda vart alle invitert inn i stova til ei koseleg stund med kake og kaffi. Eg trur dette vart eit godt minne både for jubilanten og oss andre som var til stades.

Framover vert musikklaget å høyra to gonger her i bygda i mars. Søndag 1.mars deltar dei med eit hymneprogram under salmekvelden i kyrkja, og 24.mars stiller dei med eit variert repertoar under kulturkveld/kulturkafè i Helgheim.



I tillegg til musikk vart jublanten helsa med blomar.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Foto: Bjarne Lea Myklebust